NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Lyngjing og mosing.

Oppskr. av: Rasmus Navelsaker.

(adresse): Hornindal

Fylke: Sogn og Fjordane.

Herad: Hornindal,

Bygdelag: Nordstranda.

Gard: Navelsaker.

G.nr. 9 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Å samle lyng til for har ikkje vore skikk i Hornindal, og er det heller ikkje no. Det kan hende i forknappe vårar at lyng vert sanka til nødfor, helst blåbærlyng og rosslyng. Han vert brukt til kyr, sau og geit.

Sau og geit må alles tidleg ut om våren, og då greide seg med lyng og kvist til beite.

Mose vert ikkje sanka til for hos oss. Eg var med som barn og samla mose til underbreidsle, for å få mykje og god gjødsel.

II. Ymse attåtfor.

1. A. 2. Når vi pløgde kornåkrane om våren, måtte det stå ein 4-5 mennesskje på fòra og grave henne; soleis sa vi. Den tid hadde vi folkehjelp nok.

Etter pløgen trippa erla i fòra og fann gule kjølmakk. Vi på fòra grov kvar sin del av henne, og plukka all rot vi såg, og kasta henne i dungar på åkren. Når ei sveit var pløgt, hesten var trøtt då og fekk kvile seg og ete av ein høysekk på åkrelandet, då breidde nokre av oss mokk lassranda til neste sveit, men eller ei av gjentene bar rotdungane til elva ned ved og vaska rota. Far køyrde rota med når vi gikk heim til måls.

2235